



# NORSK LOVTIDEND

## Avd. II Regionale og lokale forskrifter mv.

Utgitt i henhold til lov 19. juni 1969 nr. 53.

Kunngjort 4. april 2017 kl. 15.50

PDF-versjon 11. april 2017

---

30.03.2017 nr. 432

### Forskrift om politivedtekt, Voss kommune, Hordaland

**Heimel:** Fastsett av Voss kommunestyre 18. juni 2015 med heimel i lov 4. august 1995 nr. 53 om politiet (politiloven) § 14. Stadfesta av Politidirektoratet 30. mars 2017 med nokre endringar, jf. lov 4. august 1995 nr. 53 om politiet (politiloven) § 14 og delegeringsvedtak 16. november 2000 nr. 1151.

### Kapittel I. Allmenne føresegner

#### § 1. Offentleg stad

Med offentleg stad er i denne vedtekta meint gate, veg, her medrekna fortau, stig, park, torg e.l., plass, bru, bryggje, kai, strand, anlegg eller annan stad der det er allmenn ferdslle eller som er bestemt for allmenn ferdslle.

#### § 2. Festar, brukar, leigar eller styrar av hus eller grunn

Dei plikter som er lagd på eigar av hus eller grunn, kviler også på den som festar, brukar, leiger eller styrer hus eller grunn.

### Kapittel II. Orden på offentleg stad

#### § 3. Ro og orden på offentleg stad

På eller like attmed offentleg stad må ingen ta del i opplaup eller samanstimming, eller laga larm eller bråk som skiplar den allmenne ordenen eller ferdslen.

Når mange menneske samlar seg nær inngang til forsamlingslokale, sportsplass, utsalssstad, haldeplass e.l., skal dei stå i kø og elles rette seg etter dei pålegg som politiet eller arrangøren gjev for å halda oppe den allmenne ordenen eller for å regulera ferdsla.

På offentleg stad er det ikkje tillate utan politiet sitt løyve å søkje erverv ved sjølv eller andre å tilby publikum si teneste. Forbodet gjeld også å søkje erverv ved tilbod om fotografering på offentleg stad.

#### § 4. Song og musikk, reklame m.m.

Den som på eller ut mot offentleg stad vil føre fram song eller musikk, skipa til framsyning eller gjere bruk av høgtalar, må på førehånd gje melding til politiet.

Det same gjeld den som på eller nær offentleg stad ønskjer å dele ut eller spreie opprop, lysingar, reklame e.l., eller bruke gåande, køyrande eller flygande reklame.

### **§ 5. *Tigging***

Den som ønskjer å driva tigging på offentleg stad eller fra hus til hus, må på førehand melda seg for politiet.

### **§ 6. *Farleg eller skremmande verksemd***

På, ut over, eller like attmed offentleg stad er det forbode:

1. å skyte med gevær eller anna skytevåpen eller med bøge o.l.,
2. å brenne av krut, fyrverkeri eller sprengstoff utan at politiet har gjeve løyve,
3. å kaste eller sleppe stein eller flasker, snøball eller anna som kan vere til skade eller ulempe for dei som ferdast der.

## **Kapittel III. Sikring av ferdsla**

### **§ 7. *Hindringar***

På eller ut over offentleg stad er det forbode å setje eller hengje noko som kan vere til hinder eller ulempe for ferdsla.

Fortau skal ha ei fri breidd på minst 2,50 m.

Markiser skal vere festa så høgt at underkanten minst er 2,50 m over bakken.

### **§ 8. *Sport, leik***

Politiets kan sette forbod mot aking og andre former for sport, bruk av rulleskeiser, rollerblades, rullebrett, leik eller spel o.l. på bestemt offentleg stad der dette er påkravd av omsyn til ferdsla eller den allmenne orden.

### **§ 9. *Sperring av fortau mv.***

Krev byggjarbeid e.l. at gate, veg eller annan offentleg stad vert heilt eller delvis sperra for ei avgrensa tid, lyt ein på førehand søkje løyve frå politiet. Politiet kan setje nærmare vilkår for løyvet.

### **§ 10. *Sprengingsarbeid***

Sprenging på eller like attmed offentleg stad skal meldast til politiet på førehand. Politiet kan krevje særlege tryggingstiltak.

### **§ 11. *Diverse arbeid***

Reising, riving eller reparasjon av bygning, graving eller anna arbeid på eller ut mot offentleg stad der det kan bli fare for ferdsla, skal på førehand meldast til politiet. Politiet kan fastsetje korleis arbeidsstaden skal sperrast og krevje andre tryggingstiltak til vern for publikum.

### **§ 12. *Vedlikehald av bygning mv.***

Ved vedlikehald av bygningar mv. på eller ut mot offentleg stad, pliktar den ansvarlege for arbeidet å setje opp varsel med avviser som gjer det tydeleg at det er farleg eller til ulempe å ferdast der.

### **§ 13. Avvisarar**

Når det er fare for at snø eller is kan falle ned frå hustak mot offentleg stad, skal eigaren straks setje opp varsel med avvisarar som gjer det tydeleg at det er farleg eller til ulempe å ferdast der, og snarast syte for at taket blir rydda.

### **§ 14. Fjerning av sperrar**

Sperringar, avvisarar, stigar e.l. må takast bort når arbeid som nemnt i § 10, § 11 og § 12 er gjort, eller når faren eller ulempene som er nemnt i § 13, ikkje lenger er til stades.

### **§ 15. Ferdsle på frose vgn eller sjø**

Politiet kan av tryggingsgrunnar sette forbod mot eller gje regulerande føresegner for ferdsla på vgn eller sjø som er frose.

## **Kapittel IV. Reinhald på offentleg stad**

### **§ 16. Fortau mv.**

Eigar av hus eller grunn mot offentleg stad pliktar gjere reine lys- og luftegraver som er knyta til eigedomen. Eigar av hus eller grunn mot offentleg stad innanfor området Flat-Vangen, avgrensa ved Vangsvatnet i sør, jernbanelinja i nord, Langabrua i aust og eigedomen Grovendal i vest (gnr. 45 bnr. 14 Evangervegen 23 og gnr. 45 bnr. 88 Evangervegen 20), pliktar i tillegg å halde reint fortau som er knyta til eigedomen.

Reinhaldet skal gjerast slik at det vert til minst mogleg ulempe.

Oppsop e.l. må ikkje leggjast i kloakksluk, men takast opp og fjernast.

### **§ 17. Snøfall og takras**

Eigar av hus eller grunn mot offentleg stad pliktar rydde fortauet utanfor eigedomen for snø og is etter takras. Eigar av hus eller grunn mot offentleg stad innanfor området Flat-Vangen, avgrensa ved Vangsvatnet i sør, jernbanelinja i nord, Langabrua i aust og eigedomen Grovendal i vest (gnr. 45 bnr. 14 Evangervegen 23 og gnr. 45 bnr. 88 Evangervegen 20), pliktar i tillegg å rydde fortauet utanfor eigedomen for snø etter snøfall.

### **§ 18. Strøplikt**

Eigar av hus eller grunn mot offentleg stad innanfor området Flat-Vangen, avgrensa ved Vangsvatnet i sør, jernbanelinja i nord, Langabrua i aust og eigedomen Grovendal i vest (gnr. 45 bnr. 14 Evangervegen 23 og gnr. 45 bnr. 88 Evangervegen 20), pliktar å strø fortauet utanfor eigedomen når det er glatt.

### **§ 19. Avløp for vgn**

Eigar av hus eller grunn mot offentleg stad skal sørge for at avlaup for vgn i fortau, rennestein, grøft e.l. vert halde ope.

## **Kapittel V. Hindre tilgrising**

### **§ 20. Hindre tilgrising o.l.**

På, ut over, eller like attmed offentleg stad er det forbode:

1. å kaste glas, flasker, spikar, papir, fruktskal eller anna avfall.
2. å grise til med måling, tusj, sprayprodukt e.l. på noko overflate mot offentleg stad, under dette på eller ved bygning, gate, veg, park, anlegg, innretningar og framkomstmiddel.
3. å hengja opp kunngjeringar, plakatar, e.l. utan at politiet har tillate dette.

Dette gjeld likevel ikkje oppslag på tavler e.l. som kommunen har godkjent til slikt bruk, eller oppslag på eigedom om tilhøve som berre høyrer eigedomen til eller næringsverksemda til dei som bur der.

Det er forbode å rive, skade, eller skjemme oppslag som er lovleg sett opp.

Oppslag skal fjernast når dei er forelda.

4. å urinere.

## **§ 21. Avfall**

Den som driv sal frå portrom, kiosk e.l., eller som driv anna liknande næringsverksemder på eller ut mot offentleg stad, skal syte for at området ikkje vert skjempt eller skitna til av verksemda, og pliktar å syte for at det blir sett opp mange nok korger for papir og avfall. Korgene skal tømmast etter stengetid.

Den som arrangerer tilstelling på offentleg stad, skal syte for at papir og anna avfall blir fjerna etter arrangementet.

## **Kapittel VI. Offentlege anlegg**

### **§ 22. Kyrkjegard**

På kyrkjegard er det forbode å sykle, ake eller å drive sport, leik, eller anna som ikkje sømer seg der.

Det er forbode å trenge seg inn på kyrkjegard når den er stengd for besøk.

## **Kapittel VII. Dyr**

### **§ 23. Husdyr m.m.**

Det er forbode å la hest, storfe, sau eller geit gå laus på eller ved offentleg stad utan forsvarleg tilsyn.

Sirkusdyr eller ville dyr må ikkje førast på offentleg stad utan løyve frå politiet.

## **Kapittel VIII. Tilskiping på offentleg stad mv.**

### **§ 24. Søknadsplikt for tilskipingar på offentleg stad**

Den som på offentleg stad vil halda tilskipingar som i hovudsak er av underhaldande, kunstnerisk, selskapeleg eller kommersielt slag, som har ein storleik som opplagt vil føra til omfattande reguleringar av ferdsla eller vakthald, må søkja om dette innan ein frist som politiet set.

Politislova § 11 gjeld tilsvarende.

### **§ 25. Meldeplikt for allment tilgjengelege tilskipingar utanfor offentleg stad m.m.**

Den som vil halda tilskipingar som er allment tilgjengeleg, må senda melding til politiet i god tid, seinast innan 2 veker før tilskipinga skal avhaldas. Dette skal gjerast sjølv om tilskipinga ikkje går føre seg på offentleg stad, når det er truleg at det er naudsynt med polititilsyn for å sikre ro og orden eller avvikling av trafikken på grunn av storleiken på eller karakteren av tilskipinga.

Plikt til å melda frå gjeld og samkome med dans eller anna tilstelling som overvegande er av selskapeleg eller underhaldande art for medlemmer av ei foreining eller liknande samanslutning.

Politolova § 11 gjeld tilsvarende.

## **Kapittel IX. Born**

### **§ 26. Offentleg dans e.l.**

Born under 15 år har ikkje tilgjenge til offentleg dans eller liknande allment tilgjengeleg tilstelling med alkoholservering, utan at dei er saman med foreldre eller andre føresette.

## **Kapittel X. Ymse føresegner**

### **§ 27. Forsøming av plikt**

Forsømer nokon å utføre det vedkomande har plikt til etter vedtekten eller etter pålegg gjeve med heimel i vedtekten, kan politiet på vegne av vedkomande setje dette i verk. Den som har forsømt pliktene, må dekkje utgiftene.

### **§ 28. Straff**

Brot på vedtekte eller pålegg gjeve i medhald av vedtekte, vert straffa etter politilova § 30 nr. 4, om ikkje tilhovet kjem inn under strengare straffepåbod.

### **§ 29. Iverksetjing**

Denne vedtekte tek til å gjelda 1 månad etter at ho er stadfest av Politidirektoratet.

Forskrift 8. april 1999 nr. 335 om politivedtekt, Voss kommune, Hordaland, fell bort frå same tid.